



Anders Hauge
Hauge 30
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1905 - 23/18321

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@osteroy.kommune.no

Dato:
17.08.2023

Tilbakemelding til Osterøy bestandplanområde og Rolland og Omland Hjortevald knytt til utmelding

Osterøy kommune har fått melding i frå Rolland og Omland Hjortevald ved/leiar om at dei har årsmøtevedtak på å melde seg ut av Osterøy Bestandplanområde.

Meldinga er sendt til involverte vald som er Lonevåg hjortevald, Haugegrend/Rognved hjortevald, Hausberg/Sundland hjortevald og Mjeldalen Hjortevald.

Sørfjorden Hjortevald vart registrert utmeld frå bestandplanområdet i mars 2023. I den samanheng fekk kommunen òg melding om at Svein Magne Vassdal ikkje lenger skal vere representant for Osterøy bestandplanområde.

Kommunen har ikkje motteke søknad om godkjenning eller endring av bestandplanområdet innan fristen 1. mai. Det vert vist til kommunen sitt brev av 27. mars 2023 med informasjon om dette, sjå vedlegg. Dette inneber at årets tildeling av løyver vert å vurdere som «målrretta tildeling», jf. hjorteviltforskrifta § 18 tredje ledd.

Det er gitt tilbod om fri kalveskyting til dei valda som framleis er igjen i det tidlegare bestandplanområdet. Det vert vist til e-postkorrespondanse med valdansvarleg for Mjeldalen Hjortevald, Johannes Mjelde om dette. Kommunen presiserer at tilbodet om fri kalveskyting ikkje inneber at tildelinga av ordinære løyver er endra. Det er difor ikkje høve til å auke avskyting av andre dyr.

Inntil vidare vert Johannes Mjelde registrert som representant for dei attverande valda i bestandplanområdet. Vi ber om tilbakemelding dersom dette ikkje er riktig.

Med helsing

Tore Johan Erstad
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift. **Vedlegg:**
Melding om at Sørfjorden Hjortevald melder seg ut av Osterøy Bestandplanområde